



## Oppland

### Referat styremøte 18.januar 2025

Stad: Bondelagskontoret, Lillehammer

Tilstades: Borgny, Ingrid, Kjersti, Margareth, Ingerid, Forfall: Anne Grete. 3 vararepr blei spurt, men kunne ikkje denne gongen.

Sak 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

Sak 02/25 Godkjenning av referat frå førre møte.

Godkjent

Sak 03/25 Runden i Oppland

Ingrid fortel om 85 års jubileum i Skjåk. Ho representerte distriktslaget der. Fin feiring. Bunad. Nesten alle medlemmer møtte. Laget er veldig aktive, men strevar med å få med den yngre garde.

Vågå har kome i gang med aktiviteten. Samme folk i styret.

Lesja har ikkje hatt første møte enno, men har gode planar.

Lesjaskog bygdekvinnelag er aktive. Skal blant anna på togtur i januar. I mars skal dei på tur til Horgheim i Åndalsnes med omvisning. Strikkekveldar er også populært. Godt samarbeid i styret.

Skjåk og Lom skal ha felles møte om ikkje lenge.

Regionmøte for nord-dalen planlegges på Vågå ull.

Ingerid forteller om sine kontaktlag. Hovudinntrykk at alle lag har laga gode planar for tida framover og er godt i gang med aktiviteten. Øyer har invitert nabolag til temakveld om vald i nære relasjonar. Laga i Ringeby kommune har også fellesarrangement, Sør-Fron er ikkje kontakta enno.

Kjersti har hatt kontakt med Biri v/ Torunn Vigrestad. Dei er i god aktivitet.

Vardal melder at dei er i aktivitet og blant anna med ulike turar.

I Østre Toten så har ein godt samarbeid med hagelaget, for å inspirere til dyrking.

Dei andre laga i Kjersti sin flokk, har ikkje gjeve tilbakemelding.

Margareth har sendt ut melding, og laga melder at dei er i fin aktivitet.

Sak 04/25

#### Årsmøte 2025 - 8.-9.mars - planlegging

- Borgny har vore i kontakt med Biri Landhandel og har forslag om at årsmøtehelga vår startar der. Torvild og gjengen kan truleg servere vafler og kaffe, og vi får høyre om korleis landhandleren vart til, og korleis det går.
- Det blir jobba vidare med underhaldning for laurdagskvelden. Ingerid har ansvar for dette. Eit par stk som er spurt, men ingen som har bekrefta at dei kan kome.
- Vi er einige om å la Beredskap og friluftsliv vera sentrale tema laurdagen. Borgny tek kontakt med Nordrum for å spørje om han kan kome for å snakke om boka si. Torleik Svelle som jobbar tett på justisministeren blir også spurt om å koma. Ingrid har namn på ei dame som også kan spørjast om å kome å snakke om beredskap.

Biri bygdekvinnelag blir spurt om dei kan tenke seg å lage enkel bålmat ute. Kjersti spør dei.

- Vi skal velge årets lag, og positivpris før årsmøte. Det blir sendt ut ei påminning til laga om å kome med nominasjon til positivpris. Frist 15.februar. Styret bestemmer seg for kven som skal få prisane, like før årsmøtet.
- Rekneskapen går Ingrid igjennom saman med Ingrid Bardal når den er klar.
- Arbeidsplanen blir gjennomgått og styret tenkjer vi i all hovedsak jobbar i riktig retning i forhold til vedtatt arbeidsplan.
- Kvar enkelt av oss i styret, skal melde inn til Borgny kva møte ein har deltatt på i regi av distriktsstyret. Styremøte, landsmøte, andre arrangement.
- Styret møter klokka 10 om laurdagen til styremøte. Søndagen, årsmøtedagen, så møter styret ein halv time før.
- Ide å skrive ein resolusjon om beredskap. Kanskje oppfordre til aksjon i lokalmiljøa med konkret hjelp til å skaffe vasskanner og havregryn/tørrrmat/hermetikk m/boksåpnar.
- Repr frå Bondelaget kjem på årsmøtet. Kanskje også repr frå Bygdeungdomslaget. Representant frå sentralstyret vil vera med på årsmøtet.

Sak 05/25

#### Friluftsglede og inkludering

Norges Bygdekvinnelag inviterer til eit digitalt informasjonsmøte det nye prosjektet «Friluftsglede og inkludering».

Dato: 28. januar 2025, kl.19-20

«2025 er Friluftslivets år, og Norges Bygdekvinnelag vil i løpet av 2025 stimulere til sterkere innsats for inkludering gjennom frilftsaktiviteter, større bevegelsesglede og at flere ser de unike mulighetene i naturen rundt seg der de bor.»

Oppland Bygdekvinnelag tenkjer dette er eit svært bra prosjekt, og vil gjerne søke om midlar for å jobbe med tema tilknytta dette. Konkret plan, som gjev grunnlag for søknad, blir drøfta på neste møte.

Sak 06/25

Andre arrangement framover

- Kontakt med Kreftforeninga v/ Per Bjørnstad. Aksjon 23. mars 25. Aksjonen i år vil skje digitalt og ikkje med bøsse. Dette pga at kostnaden er for stor ved bruk av bøsse. Alle medlemmer i distriktstyret sender til Borgny info om lokallagsledarane sitt namn, mailadresse, telefonnummer.

Lokallaga vil få beskjed om å melde seg på aksjonen sjølv, når kreftforeninga sender ut info.

- Styret vil arrangere 2 regionmøte i løpet av hausten 25. Eit på Sillungen og eit på Dovre. Dato er ikkje sett.
- Norges bygdekvinnelag har inspirasjonsseminar på Lillehammer 14.-16. november. Dette pleier å vera svært fine arrangement.
- Alle regioner må få gjennomført regionmøte for ledarane i lokallaga i løpet av våren no, i hvert fall dei som ikkje hadde det i 2024. Kvar enkelt medlem i distriktsstyret har ansvar for sitt regionmøte. Lurt om møtet ikkje blir for tett på årsmøtet.
- Distriktslaget vil arrangere samling siste helg i august på Grøna i Østre Toten. Kjersti er vertskap her. Alle lag vil bli invitert. Eit stort arrangement: «Helt på jordet» blir arrangert same helg, så vi kan delta på deler av dette. Vi kan også dra på besøk til hagen hos Lina. Kanskje også besøk en plass søndagen. Detaljar om innhald og prisar kjem seinare.

Sak 7/25

Eventuelt:

1.Lågen bygdekvinnelag har stadig oppe tema knytta til tidspunkt for årsmøte. Det er eit ynskje å flytte årsmøtetida frå oktober til januar. Dette vert grunngjeve med f.eks økonomioppsummering som passar best innafor eit kalenderår.

Saka blir drøfta. Sjølv om dette er teke opp fra fleire hald tidlegare, så kan saka likevel drøftast på årsmøtet i Oppland. Lågen bygdekvinnelag

kan sende inn eit brev med ynskje om at saka kjem opp. Årsmøtet kan så bestemme om saka skal førast lenger opp i organisasjonen.

2. Borgny leverte ut «årets bygdeløfter» i Oppland til Ola Tore Dokken 14.1., vil vi at dette skal vera ein årleg markering av nokon som utmerker seg?

Vi bestemmer at vi prøver eit år til, før vi evt kuttar det ut. Oppfordrar om å koma med nomineringar frå lokallaga.

Sak 8/25

Ansvar i distriktsstyret:

Ansvar for å ha kontakt med laga som kvar enkelt har ansvar for på mail/telefon.

Vi har også ansvar for å ha eit regionmøte for desse laga. 2 frå kvart lokallag. Kan gje litt informasjon på dette møtet om aktuelle tema frå sentralt. Det viktigaste er at dei forskjellige laga blir litt betre kjent med kvarandre. Desse regionmøta ynskjer vi skal ha låg kostnad.

Referent Ingerid